

Hemmeleg - mars 9. trinn

Rykte og ryktespreiing

- Start med å sjå denne [Ikke kall meg hore | MUSIKKVIDEO ft. Jenny Evensen og Eline Hedum Andersen fra Lik Meg - YouTube](#)



La elevane snakke med kvarandre to og to: Rykte, sladder og baksnakking gjer vondt for den det går ut over, det er noko alle veit. Kvifor er det likevel så mykje av slikt?



- Sokrates trippelfiltertest

Fortel til elevane:

Sokrates var ein av verdens mest berømte filosofar. Han levde i Hellas i 469-399 f.kr. Sokrates brukte å gå rundt og snakke med folk og få dei til å tenke på nye måtar. Ei av historiene frå Sokrates sine samtalar, handlar om rykte, og er nok like relevant for oss i dag som då.

Sokrates møtte ein som ville fortelje han noko om ein dei begge kjente, men før han fekk fortelje stoppa Sokrates han og sa: «Før du fortel meg det du har tenkt å sei vil eg at du let dette passere gjennom ein liten test – ein trippelfilter-test.

Det første filteret er: Er du sikker på at det du skal seie er sant? Nei? Er det berre noko du har høyrte?

Det andre filteret er: Har du vurdert om det du skal sei er snilt eller godt? Eller har du tenkt å fortelje meg noko du ikkje veit er sant, og som heller ikkje er snilt eller godt?

Då må det i så fall passere filter 3: Er dette nytig for meg å vite? Dersom det kanskje ikkje er sant, og det heller ikkje er snilt – kva nytte har eg av å høyre det?»


Forklar elevane at ofte er årsaka til at vi fortel rykte, sjølv om dei ikkje passerer denne testen, at vi brukar det for å vere interessante. Mange synes rykte er spennande, og det å dele rykte kan virke som ei investering i å bli opplevd som interessant og spanande sjølv. Ved å fortelje rykte, brukar vi altså noko som er vondt for den det gjeld, som betaling for å bli sett på som spanande sjølv for andre. Nokon andre betaler prisen, og vi får gevinsten.

La elevane snakke litt med kvarandre, eller snakk saman i klassa – Er trippelfiltertesten framleis smart å bruke?

- Sjå filmen [Ikke alltid lett, men vær modig! - YouTube](#)

KVA KAN RYKTE FØRE TIL FOR KVEN?

Det er stor variasjon i situasjonene og hvert som viser hva er ofte kan kunne føre til strekar:



4. Kva kan rykte føre til for kven?

La elevane jobbe saman i gruppe, kvar gruppe får eitt ark. Dei skal setje strekar frå figurane i ulike situasjonar og dei ulike hjarta med følelsar. Kvar situasjon kan føre til mange ulike strekar.

5. Korleis stoppe rykte?



La elevane snakke litt med kvarandre om desse alternativa og finne ein eller fleire kvar som kan fungere for seg. Eventuelt kome på andre måtar å stoppe rykte på.

6. Snitch – introduser og sjå filmen [Det heter ikke å snitche - YouTube](#)

Snakk saman i klassa:



Kva er forskjellen på å snitche og å varsle/å fortelje?



Kva kan ungdom og voksne gjøre for at det skal kunne vere mogleg for ungdom å ta ansvar for å beskytte seg sjølv og andre ved å fortelje om ting som er skummelt, ulovleg eller farleg?